

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 03.06.26

Møtt:

Heming Helland Gujord (visedekan), Aidan Conti (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Christian Sæle (AHKR), Birger Solheim (IF), Gry Ane Lavik (UB), Kari Jegerstedt (SKOK), Tord Varhaug Lie (studentrepresentant) og Sara Sørholt (studentrepresentant).

Frå studieseksjonen:

Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje , Ayla Tessem og Rebekka Nistad.

Observatører:

Jacob Hoffmann (AHKR), Deirdre Smith (IF) og Mari-Kristine Morberg (SKOK).

Meldt forfall:

I Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 06.05.26.

Godkjend.

III Orienteringssaker

KI-arbeidsgruppe

Heming Gujord orienterte om arbeidet i gruppa. Forslag til retningslinjer for bruk av KI vil bli lagde fram i løpet av haustsemesteret.

Arbeidsgruppa bør inkludere ein representant frå FOF, og studentrepresentant i studiestyret etterlyser studentrepresentasjon i ei slik gruppe.

Munnleg orientering om semesterstart

Ayla Tessem orienterte om planar og organiseringa av velkomstveka for nye studentar. Velkomstveka er i veke 33, og inneheld både faglege og sosiale aktivitetar som nye student kan delta på.

Funksjonen til velkomstmøte på institutta er ein diskusjon kvart semester, og det er framleis ønskjeleg å arrangere velkomstmøte måndag i velkomstveka for å ta i mot nye studentar. Kwart institutt organiserer innhaldet i sine møte, der ein stor funksjon i møtet er å dele inn i mentorgrupper.

AHKR skal ha velkomstmøte med musikkinnslag, velkomsttale av instituttleder, kort velkomst frå kvar fagkoordinator og studieleiar er konferansier.

IF og LLE har ikkje sine program klare men dette er under planlegging

SKOK har eit etablert opplegg med velkomstmøte på Ida Blomshus. Studentar og tilsette presenterer seg sjølv, samt bli kjent leikar, mat og hygge.

FOF har òg eit fast opplegg, med velkomsttale frå instituttleiar. Fagkoordinatorar og fagutvalet har korte presentasjonar. Prøver òg å få tid til ei miniforelesning.

IV Drøftingssaker

SAK 20/26 Evaluering av mentorordninga ved Det humanistiske fakultet

Ayla Tessem orienterte om evalueringa av mentorordninga.

Hovudfunn i evalueringa:

- Ordninga fungerer svært godt i starten av haustsemesteret.
- Ordninga bidreg til sosial fellesskap og tryggleik
- 93 % opplever at mentorordninga har gjort overgangen til studia lettare
- 53 % har fått venner dei framleis har kontakt med
- Oppmøtet går ned gjennom året og særleg på vårsemesteret
- Vårsemesteret vert opplevd som mindre relevant for studentane

Innspel i diskusjonen:

- Mentorar bør så langt det er mogleg vere studentar på same studieprogram som dei er mentor for.

- Det bør etablerast tettare samarbeid mellom mentor og program(fag)koordinator. Oversikt over kven som er mentor for kva studieprogram må delast med fagmiljøa.
- Oversikt over arrangement i fagmiljøa somhøver for mentorgruppen å delta på. (Fagmiljøa kan føle at slik tiltak blir over administrert).
- Påmelding til vårsemesteret

V Vedtakssaker

SAK 21/26 Oppretting av bachelorprogram i filosofi, politikk og økonomi

Vedtak Studiestyret tilrår oppretting av bachelorprogram i filosofi, politikk og økonomi.

SAK 22/26 Seksårig syklus for programevalueringar ved HF, 2026-2031

Vedtak Studiestyret godkjenner planen for seksårige programevalueringar ved HF for perioden 2026-2031. Planen blir sendt til institutta i Websak.

SAK 23/26 Studiekvalitetsrapporten 2026

Leiar for Studiekvalitetskomiteen Ines Prodöhl, orienterte om arbeidet i komiteen.

Vedtak Studiestyret tar rapporten frå studiekvalitetskomiteen til orientering.

VI Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Bergen, 03.06.26

Heming Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef